

## Egenvurdering på emne- og programnivå

Emnenivå: Bachelor

Programnivå: Fylles ut av programstyreleder (fagkoordinator)

Emne/program	ARK 213 Eksperimentell arkeologi
År	Vår 2021
Emneansvarlig/ Programstyreleder (fagkoordinator)	Emneansvarlege: Turid Hillestad Nel og Silje Evjenth Bentsen Fagkoordinator: Daniela Hoffman
Samlet vurdering av gjennomføringen av emnet/programmet	Er nøgde med gjennomføringa trass i at me måtte endre frå fysisk undervising (lab og eksperiment) til at studentane måtte utføre dette individuelt heime grunna koronarestriksjonar. Studentane har respondert at dei er nøgde med denne løysinga. Emneansvarlege har vore usikre på om me gav tilstrekkeleg oppfølging i forhold til den individuelle arbeidsmengda som vart pålagt kvar student, men ikkje motteke noko negativt om dette. Heller motsett at dei synst det var bra å måtte planlegge og utføre eksperimenta sjølve. Me fekk ein del spørsmål om fysisk undervising, og dette var jo litt vanskeleg å planlegga i år. Samtidig la forelesningane grunnlaget for både eksperimenta og mappeoppgåvene. Det var ikkje obligatorisk undervising denne gangen, men det bør vurderast dersom emnet vert tilbydd på nytt.
Emne: Er emnet student-evaluert? Hva kom i så fall fram der?  Program: Funn i eventuelle programsensorrappporter sist år.	Ikkje studentevaluert på skjema, har bedt om munnleg evaluering frå studentar i møte/forelesning. God tilbakemelding på undervisingsopplegg jf. endring i undervisinga grunna koronarestriksjonar. Fekk innspel på: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Endre tema drøfta i forelesningane jf. forelesningsrekkefølga</li> <li>- Betre samsvar mellom tema i mappeoppgåvene og pensum</li> </ul> Dette vil me følgje opp
Var det noe som ikke fungerte godt nok? Er det behov for å foreta justeringer eller sette inn tiltak for å forbedre emnet/programmet? Hvilke?	Kan endre rekkefølga på innhald i nokon av forelesningane Endre pensum, dekke fleire tema i pensum dersom tilsvarende opplegg med eksperiment heime vert aktuelt Vurdere innhald i emnet i samsvar med ekspertise til den/dei som skal undervise dersom emnet skal verte tilbydd på nytt
Andre kommentarer eller innspill	Ingen andre innspel

